

Fra: Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no

Sendt: 08.06.2016 13:05:05

Til: Bjørn Inge Midtgård

Kopi:

Emne: SV: Ferjeavløysing på fylkesveg - retningslinjer

Vedlegg: image002.png;image003.png;Svar på spørsmål om utrekning av ferjeavløysingsmidlar(1).pdf

Hei

Svar på spørsmålet følgjer i brevet som er lagt ved, og som blei sendt til postmottaket i Hordaland fylkeskommune i dag.

Det korte svaret er at fylkeskommunens kostnader til ferjesambandet som blir erstatta, ikkje er ein del av utrekninga av ferjeavløysingsmidlar. Det er opp til fylkeskommunen sjølv å vurdere om det bør takast omsyn til desse kostnadene i planlegginga av eventuelle ferjeavløysingsprosjekt.

Vennleg helsing

Lars Tore Rydland
seniorrådgivar
Kommuneøkonomiseksjonen, Kommunalavdelinga
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Tlf. 22 24 68 80
E-post lars-tore.rydland@kmd.dep.no

Fra: Bjørn Inge Midtgård [mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no]

Sendt: 1. juni 2016 09:19

Til: Rydland Lars Tore <Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no>

Emne: SV: Ferjeavløysing på fylkesveg - retningslinjer

Hei,

Om me har forstått det rett, så inneber ordninga for 2016 at ved ei ferjeavløysing vert 19 mill.kr for sambandet trekt ut av rammeoverføringa.

Dette trekket på 19 mill.kr er likt uavhengig av kor mykje fylkeskommunen gjev i tilskott til sambandet. Om fylkeskommunen nyttar mindre enn

19 mill. kr. på sambandet (midlane vert nytta til anna fylkeskommunal verksemd), vil ferjeavløysinga gå utover finansieringa av anna fylkeskommunal verksemd.

Døme: Kostnaden for å drifta ferjesambandet Duesund – Masfjordnes er i 2016 budsjettet på 7,7 mill. kr. Om ein reknar med at sambandet kjem til å kosta om lag 10 mill.kr per år, er kostnaden 9 mill.kr. mindre enn det fylkeskommunen får tilført per ferjesamband i inntektssystemet. Desse 9 mill. kr. vert nytta til finansiering av anna fylkeskommunal verksemd. Over 40 år utgjer dette 360 mill.kr.

Er dette rett forstått?

Med helsing
Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no

Fra: Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no [mailto:Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no]
Sendt: 25. april 2016 15:24
Til: Bjørn Inge Midtgård <Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no>
Emne: SV: Ferjeavløysing på fylkesveg - retningslinjer

Hei

Det stemmer. Retningslinjene for ferjeavløysingsordninga vil etter planen bli publisert i kommuneproposisjonen for 2017, som blir lagt fram 11. mai.

Vennleg helsing

Lars Tore Rydland
seniorrådgivar
Kommuneøkonomiseksjonen, Kommunalavdelinga
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Tlf. 22 24 68 80
E-post lars-tore.rydland@kmd.dep.no

Fra: Bjørn Inge Midtgård [mailto:Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no]
Sendt: 25. april 2016 13:44
Til: Rydland Lars Tore <Lars-Tore.Rydland@kmd.dep.no>
Emne: Ferjeavløysing på fylkesveg - retningslinjer

Hei, me har forstått det slik at SD og KMD no er i gang med å utvikla retningslinjer for ferjeavløysingsordninga og at retningslinjene skal etter planen vera ferdige i løpet av første halvår 2016. Kjem dei i kommuneøkonomiproposisjonen eller..?

Kva er status for arbeidet.

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård

Seniorrådgevar

Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no